

EIT LÅGTERSKELTILBOD FOR TILVISING , FØREBELS DIAGNOSTISERING OG FORDELING TIL RETT BEHANDLINGSTILBOD.

Tipsprosjektet

TIPS prosjektet ved SUS som vedkjem tidleg oppdaging av psykose er landskjent og vellukka. Eit viktig ledd i dette er eit OT team (oppdagingsteam) med sers låg tilvisingsterskel for å vurdere moglege teikn på psykose på eit tidleg tidspunkt med tanke på tidleg intervensjon.

Lite oversiktlege tilbod i psykiatrien

Tilboda i psykiatrien er ofte mangeslungne og uoversiktlege med ei rekke avdelingar, poliklinikkar, ambu lante team og prosjekter. Fastlegane manglar ofte oversikta og er i tvil om kvar dei skal senda den einskilde pasienten .

Eit utvida oppdagingsteam som sorterer

For å bøta på dette har praksiskonsulenten saman med OT teamet snekra eit utvida tilbod som gjeld all psykiatrisk liding der fastlegen vil tilvisa 2. Lina, men ikkje heilt veit til kven. OT teamet vil i slike høve ta mot ulike pasientkategoriar og vurdere dei opp mot dei tilboda som finns i foretakpsykiatrien - for å kanalisera "rett pas til rett ekspertise".

Vi trur at dette vil letta arbeidet til fastlegane, og spesielt for nye og mindre røynde legar som har dårlegast oversikt over tilboda.

<http://praksis.sir.no/PN/pn1215.htm#INFORMASJON>

Eivind Vestbø

Praksiskonsulent

eve@finnoy.kommune.no

mobil 97678540